

Styremøte i Sotra Volleyballklubb



Tid: 17.10.2022, klokka 17:30-19:30

Stad: Klasserommet i Bildøyhallen

Saker:

- 1/4** Innkalling
 - 2/4** Saksliste
 - 3/4** Referat frå styremøtet 05.09.2022
 - 4/4** Orienteringar
 - 5/4** Kontrollutvalet (Vedlegg 1, Vedlegg 2)
 - 6/4** JU17 - Julio orienterer
 - 7/4** Aldersbestemte turneringar
 - 8/4** Sportsleg utval
 - 9/4** U16 Åpen samling
 - 10/4** Klubbutvikling (Vedlegg 3)
 - 11/4** Eventuelt
-

Orientering om sakene:

- 1/4** Innkalling
- 2/4** Saksliste
- 3/4** Referat frå styremøtet 05.09.2022
- 4/4** Orienteringar

a) Streaming frå førstedivisjon

Vi ventar på endeleg svar frå kommunen når idrettsrådet har gjeve uttale om saka. David Cox er utålmodig, vil ha fortgang i saka. Nils Ivar er i dialog med kommunen, idrettsrådet og David Cox.

b) Datavolley

Sotra Volleyballklubb har personar med kompetanse til å gjennomføra dette.

5/4 Kontrollutvalet (Vedlegg 1, Vedlegg 2)

Leiar i kontrollutvalet, Ole Wilhelm Mortensen, ønskjer å orientera om arbeidet kontrollutvalet skal utføra inn mot Sotra Volleyballklubb. Vi må finna gode og praktiske arbeidsformer mellom kontrollutvalet og styret i Sotra Volleyballklubb.

Mikael Tangen orienterer om kva årsmøtet meiner at klubben må arbeida med denne valperioden.

6/4 JU17 - Julio orienterer

Treningsarbeid, turneringsgjennomføring (heime- og bortekampar) og foreldremøte.

Vi må finna gode løysingar for å administrera denne store aldersgruppa.

7/4 Aldersbestemte turneringar

Vi må laga ei oversikt over kva turneringar Sotra Volleyballklubb har ansvar for og kva arbeidsoppgåver som følgjer med slike turneringar. Dette må gjerast tidleg, og foreldre må verta orienterte om kva oppgåver dei må ta ansvar for.

8/4 Sportsleg utval

a) Samansettinga av sportsleg utval

b) Arbeidsoppgåvene til sportsleg utval

9/4 U16 Åpen samling

Spørsmål frå regionen om Sotra Volleyballklubb kan vera vertskap for U16
Åpen samling laurdag 29. oktober.

11/4 Klubbutvikling (Vedlegg 3)

Klubb- og trenarkonferanse, Nils Ivar orienterer frå konferansen.

12/4 Eventuelt

Mvh.

Mikael Tangen

Styreleiar Sotra Volleyballklubb